

ÅRSMELDING - 2015

MØRE & ROMSDAL GJETERHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

Andor Bjørke, leiar / vara: Nils Edmund Stråmyr – ISG

Alvin Harstad /vara: Maren Ann H. Løvoll – NRG

Sunniva Nupen / vara: Olav Lyngne – VSG

Aage Thoresen /vara: Arnfinn Lien – MMG

Styret har hatt mange styremøter av telefonisk art gjennom året, og totalt 17 saker har vore behandla i løpet av året.

Året 2015

Nye godkjende ekvipasjar

10 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2015!

- **Sweet - Joakim Engdal - NRG**
- **Nikita - Nils Edmund Stråmyr - ISG**
- **Fern - Atle Arnesen – VSG**
- **Topsy - Atle Arnesen – VSG**
- **Ulla – Phillip Schips - VSG**
- **Tarek - Atle Arnesen - VSG**
- **Fonn - Atle Arnesen – VSG**
- **Glen - Mikkel Engdal – NRG**
- **Raisa – Aina Skjelvik Nedrelid – NRG**
- **Dark – Georg Moen - MMG**

Dette betyr at sidan MRGL blei starta opp, er det oppnådd totalt 122 nye bruksprov!

Gjetarhundprøver

Det har vore bra prøveaktivitet i Møre og Romsdal også i 2015. Det vart arrangert tilsaman 9 prøver med heile 269 startande hundar på dei forskjellige prøvene rundt om i fylket, inkludert landsprøven i Velledalen. Det er med andre ord også i år lagt ned eit enormt dugnadsarbeidet i fylket. MRGL takkar alle som har delteke.

Gjeterhundkurs

Det har dette året vorte arrangert 8 gjeterhundkurs i fylket med tilsaman 79 deltakarar, som er ein av grunnsteinane i rekruttering og for å auke nivået på ekvipasjane våre ute i praktisk arbeid. Eit enormt løft i forhold til gjetarhundåret 2014.

NM deltaking for MRGL 2015

NM i bruk av gjetarhund i 2015 blei arrangert i Gudbrandsdalen, nærmare bestemt Kvitfjell den 10-12. oktober. Dette var som vanleg eit stort arrangement, med heile 90 startande over 2 dagar med påfyljande finale med dei 16 beste frå dei to innleiande rundane. Innleiande runde gjekk i klasse 3 m/deling, medan det i finalen var dobbelhent med sortering. Karin Matsson vant med hunden Trim, og drog med det av med sigeren og tittelen Norgesmeister i Gjetarhund 2015 som ei av to kvinner som har vunne eit Norgesmeisterskap i Gjetarhund.

I alt seks ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM på Kvitfjell.

Jan Myklebust og Akersborg REX og TIND, Susann R. Osnes og ANDY, Andor Bjørke og MEG og Killiebrae Dan og Nils Edmund Stråmyr med ROXY.

Ingen av våre ekvipasjar kvalifiserte seg til finalen, men vi var nærme den andre kvalifikasjonsdagen då Andor Bjørke og Meg holdt 8 plassen til siste løpar var ferdig og med det blei pressa ned på 9 plass og akkurat ikkje kvalifisert til finaleomgang. Det førte til at vi resultatmessig kom ut slik: - Andor Bjørke med hunden Meg på 18 plass -Jan Myklebust med hunden Akersborg Rex på 21 plass -Nils Edmund Stråmyr med Roxy på 30 plass -Jan Myklebust med Tind på 52 plass -Andor Bjørke med hunden Killiebrae Dan på 59 plass -Susann Rypdal Osnes med hunden Andy på 83 plass!

Resutatmessig må vi seie oss særst godt nøgd med plasseringene til deltakarane frå Møre og Romsdal i NM 2015, skjølv om ingen klarte å kvalifisere seg til finalen dette året, beholdt fylket likevel sine antall plassar til neste års NM med dei resultatane. Møre og Romsdal har med andre ord framleis 6 plasser til NM i Gjetarhund 2016!

MRGL nyttar høve til å gratulere disse med ein kjempeflott innsats i NM 2015!

Norgesserien 2015

Norgesserien bestod i 2015 av 6 prøver, fordelt over 3 prøvehelger der dei fire beste talde med i samandraget. MRGL stod som arrangør av Norgesserieprøve i Velledalen, helga 19-20 september. Dette var eit felles arrangement der alle lokallaga var med å bidrog til gjennomføringa og det blei eit flott og knirkefritt arrangement. MRGL nyttar høvet til å takke samtlige som stilte opp, og det blei levert blomsteroppsatsar til grunneigarane som også fortjener ei oppmerksomheit.

Finalen i Norgesserien skulle gå av stabelen i Bø i Telemark, og Andor Bjørke og Meg var einaste ekvipasje frå fylket som tok turen. Finalen blei avlyst grunna tåke, og endeleg plassering på Andor Bjørke og Meg vart ein 28 plass medan Jan Myklebust og hunden Akersborg Rex vart beste frå fylket med ein 23 plass. MRGL gratulerer alle med sine prestasjonene i Norgesserien 2015.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet blei arrangert på Haugseth i Sykkylven den 29-30 august med Per Fremo frå Verdal som dommar. Fylkesmeisterskapet blei denne gongen arrangert over to dagar, med innleiande laurdag og finale søndag for dei 10 beste med dobbelhent og sortering. Indre Sunnmøre Gjetarhundlag arrangerte dette saman med Sykkylven Sau og Geit, og disse to laga delte på dei overskytande midlane. Det er andre gongen Sykkylven Sau og Geit er med å hjelper til på eit

Fylkesmeisterskap saman med Indre Sunnmøre Gjetarhundlag, og vi ynskjer å takke for godt samarbeid.

Fylkesmeister blei Jan Myklebust med Akersborg Foss, medan tittelen «Beste unghund for 2015» gjekk til Georg Moen og Dark, og vi gratulerer så mykje med begge titlane! Vidare blei kan vi oppsummere at Jan Myklebust også tok andre plassen med Tind, medan tredje og fjerde plassen frå Fylkesmeisterskapet gjekk til Susann Osnes og Andy og Andor Bjørke og Meg.

Unghundcup´n 2015

Vinnar av Unghundcup´n 2015 blei Joakim Engdal med hunden Llangwm Sweet. Dei oppnådde heile 34 poeng, og kan nå smykke seg med ein overlegen seier og vinnar av unghundcup´n.

MRGL gratulerer Joakim Engdal og Llangwm Sweet med tittelen, og de får gravert inn sine navn for evig tid på Unghund-skjoldet!

Norsk Nursery 2015

Norsk Nursery er ein nasjonal unghundprøve for hunder under 3 år. Konkurransen går over to dager og beste samanlagt ekvipasje vinner konkurransen. Dei ti beste frå denne går så vidare til Nordisk Nursery. I år var det Etne som stod som arrangør, og Atle Arnesen og Fern var i skarp konkurranse mot heile 46 andre startande frå Norge. Atle og Fern tok ein femte plass i denne konkurransen, og klarte med det å kvalifisere seg til Nordisk Nursery, ein kamp som i år stod mellom dei 28 beste frå dei fire landa Norge, Sverige, Finland og Danmark. Her gjekk det i midlertid ikkje like bra, og når andre dag av konkurransen likegodt blei avlyst på grunn av tåke, fekk Atle og Fern tilslutt ein 26 plass. Uansett var dette ein kjempeflott prestasjon, og MRGL gratulerer!

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har vore oppdatert av Nils Edmund Stråmyr og Andor Bjørke ut over året 2015, og har også i år vore mykje brukt. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare kan så spirar til nye tiltak rundt om i fylket.

Oppsummering

Året 2015, som inneheldt mange arrangement av både større og mindre grad i fylket viser at det er høg aktivitet i dei fleste delane av fylket, og det må ein seie seg svært godt nøgde med.

For å kunne oppretthalde bruken av gjetarhund i småfehaldet i fylket, må det jamn rekruttering til. Godkjende instruktørar fordelt utover, flere gjetarhundkurs og faste fellestreninger på gode områder å trenar på rundt om i dei fire lokallaga er alle faktorer som bidreg til dette. Viktige føresetnader er gode miljø i lokallaga som møtes jevnlig og trenar og som via lokale distriktsprøver får testa gjetarhunden sin på prøver i klasse 1. Det er det som tilslutt gjer gjetarhunden til ein god arbeidskamerat.

MRGL sitt styret takkar igjen alle som står på i sitt lokallag med gjetarhundarbeid og på den måten tek seg av grasrota rundt om i fylket. Uten slik innsats lokalt hadde ikkje MRGL klart så mange bruksprov sidan oppstarten i 2009, som nå teller heile 122 stykker!

Andor Bjørke,

Leiar, Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL